

Vår ref.:
24/01559-14

Dato:
23.09.24

Referat frå IDF-møte 28.08.2024

Tid: kl 12:30-14:00 på Zoom

Til stades:

Frå tenestemannsorganisasjonane:

Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet/Unio

Jan Ove Mjånes, Akademikerne

Tone Skjerdal, NTL/LO-stat

Karl-Eric Melander, Parat/YS-stat

Aslaug Furholt, bisittar Utdanningsforbundet/Unio

Hilde Kløften Duesund, vara Hovudverneombod

Frå arbeidsgjevar:

Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør

Anette Fristad, Avdelingsleiar

Anette Undheim, Seniorrådgjevar

Linn Melby Meyer, Seniorrådgjevar

Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar

Endre Laastad til sak 36/24

Haakon Georg Grung Moe til sak 36/24

30/24 Informasjon frå tillitsvalde

- Tillitsvalde har gjennomført medlemsmøte for å informere tilsette om omstillingsprosessane. Det er uro blant.
- Tillitsvalde saknar informasjon om prosessane som føregår
- Opptekne av korleis kompetansemidlar til teknisk administrative tilsette vert nytta

31/24 Informasjon frå Hovudverneombod

- HVO har stengt eit laboratorium knytt til FTMS ved campus Bergen og har bedt arbeidstilsynet om hjelp
- Dårlig inneklima ved campus Haugesund og campus Bergen
- Saknar sosiale soner og husreglar blir ikkje følgt opp
- Tilsette treng system for å ta opp saker om arbeidsmiljøet som ikkje er varslings saker
-

32/24 Informasjon frå arbeidsgjevar

Orientering om aktuelle vurderingar av organisatoriske og strukturelle endringar inn mot nye åremålsperiodar for dekanar og prorektorar

I samband med at to prorektorar og to dekanar avsluttar sine åremålsperiodar er det naturleg å gjere vurderingar om det er behov for å endre til dømes rollefordeling, arbeidsfordeling og andre tilhøve.

Det vert laga eit underlag til styreseminaret i oktober for å få ei retning på arbeidet, samt ei orientering til styremøtet i september om kva problemstillingar som er aktuelle, samt tidslinjer. Tillitsvalde vil bli involvert.

Tillitsvalde saknar informasjon om prosessane som føregår og kva som har blitt gjort.

Arbeidsgjevar: i styresaka til møtet 12. september vil ein leggje fram mogelege alternativ og vegar for å få signal frå styret. Styresaka vert informert om i informasjonsmøte 2. september der tillitsvalde kan gje innspel, og saka vert til drøfting 9. september.

Tillitsvalde opplever å ikkje kunne svare tilsette om problemstillingar og etterlyser tidleg informasjon om saker som føregår.

Status for prosess for arbeidet med andre omstillingstiltak: a) Organisering og dimensjonering av støttetjenester b) EVU c) Studentretta førstelinje

Arbeidsgjevar: det vert jobba med å lage innspel til budsjettet. Det har vore møte mellom prorektorar og direktørar om kva som er mogleg veg vidare og tiltak som trengst. Det er eit innsparingsbehov på om lag 200 millionar kroner over tre år. Dei administrative tenestene og lønskostnader skal takast ned som følgje av det. Vi lyt prioritere, samordne betre, sjå einingar og tenester i samanheng og sjå om vi kan jobbe meir effektivt.

Tillitsvalde er opptekne av at ein ikkje skal bruke «ostehøvelprinsippet» når ein skal redusere kostnader, men nedprioritere tiltak. Ein kan ikkje legge opp til at ein berre skal jobbe smartare, tilsette er slitne allereie.

Arbeidsgjevar: EVU-rapporten skal vere sak på TL-møtet i neste veke. Prosjekt Studentretta førstelinje teneste har levert sin rapport og TL vil ta stilling til korleis ein skal ta dette vidare på møte 17.09.

Tillitsvalde etterlyser at det vert lagt ut rapportar/saksunderlag i saker som Toppleinga skal diskutere og ta stilling til. Det bør føreligge dokument som tillitsvalde kan få innsyn i.

Status HMS-retningslinjer og spesialrom

Hovudverneombodet har stengt Miljøteknologilabben og arbeidsgjevar jobbar med tiltak for å utbetre handtering av kjemikaliar og eksponering av tilsette. Det nødvendig å implementere overordna

retningslinjer, som vil krevje at tilsette tek opplæring. Opplæringa vil innehalde handtering av gass, gjennomføring av risikovurdering og opplæring om korleis ein jobbar i laboratorium.

ARK

Arbeidsgjevar informerte om at spørjeundersøkinga ARK blir sendt ut 1. oktober. Informasjon om ARK finn ein i personalhandboka.

Omstillingstiltak

Arbeidsgjevar førebur styresak om omstilling til styremøtet 12. september og ønskjer å diskutere tidslinja for aktuelle tiltak og verkemiddel med tillitsvalde.

Tillitsvalde: vi treng tydelege signal og vedtak frå styret før ein tek stilling til tiltak. Undervegs bør ein ha dialog og innhente erfaringar frå andre institusjonar.

Tidsplan for gjennomføring av lokale forhandlingar er uviss.

33/24 Starta og slutta i HVL

34/24 Tidsplan for revisjon av lønspolitisk plan og lokale lønsforhandlingar

Arbeidsgjevar orienterte om saka.

Tillitsvalde slutta seg til tidslina for arbeidet med nokre justeringar.

35/24 Retningslinjer for bruk av kameraovervaking ved Høgskulen på Vestlandet

ADU orienterte om prosessen. Føremålet med kameraovervakinga er «skallsikring» av utvendig fasade og sykkelparkering. Overvakinga førgår ikkje inne i bygga. Saka skal handsamast i Arbeidsmiljøutvalet.

Tillitsvalde peika på at vi bør ha ei bevisstgjerung om at det føregår kameraovervaking.

Tillitsvalde slutta seg til forslaget til retningslinjer.

36/24 Spørsmål om dekking av utgifter direkte frå Berg Hansen

Tillitsvalde får spørsmål frå tilsette om føring av reiserekningar. Det kan vere behov for å informere tilsette om rutiane.

Arbeidsgjevar orienterte og oppmoda om at alle bestillingar går gjennom Berg Hansen og at ein brukar Appen eller nettsida til bestilling, samt at ein legg inn Eurocard for betaling. Det er vesentleg dyrare å ringe for bestilling.

Alle må skrive reiserekning for å få refusjon av utgifter. Dei som treng hjelp til reiserekningar kan ta kontakt med Løn ved Avdeling for HR. Vi vil informere om rutinene på Vestibyen.